

Opprør i ishockey

ISHOCKEY. Flere av de mest profilerte spillerne på det norske ishockeylandslaget er i opprør og vurderer VM-boikott neste år, skriver Aftenposten.

Dersom ikke ledelsen i Norges Ishockeyforbund trekker seg på tinget i juni, kan neste års landslagssesong bli temmelig kaotisk uten at de beste spillerne ønsker å være med på landslaget.

– Utskiftninger er nødvendig for at jeg skal fortsette på landslaget. Hvis ikke det skjer, har jeg mer utbytte av å være hjemme enn å reise til VM i Canada, sier Patrick Thoresen. Han skal ikke være alene om å være kritisk til ishockeyledelsen.

Kritikken mot forbundet toppet seg etter at forbundet glemte å søke om visum til Russland for Per-Åge Skrøder, som aldri ble med i VM. Rot og kaos i oppladningen har også gjort at begeret har rent over for flere av landslagsspillerne, skriver Aftenposten.

Det som er klart er at Bjørn Ruud trekker seg som forbundsleder etter 12 år som øverste sjef for norsk hockey.

NTB



Tilbake i hverdagen

GOLF. Suzann Pettersen (bildet) jublet hemningsløst sist helg etter sin aller første seier på PGA-touren. Torsdag var hun tilbake i hverdagen med 62. plass.

I PGA-turneringen i Clifton i New Jersey gikk «Tutta» første runde på 73 slag, en over banens par. Hun ligger sju slag etter ledende Sarah Lee fra Sør-Korea allerede etter den første runden.

Den norske jenta gikk runden med fire birdier, tre bogeyer og en dobbeltbogey. Dobbeltbogeyen kom på det 18. og siste hullet.

Dermed er Pettersen tilbake i hverdagen igjen etter den enorme triumfen i helgen, der hun vant sin aller første PGA-seier etter omspill. Hun kunne også innkassere om lag to millioner kroner for seieren.

NTB

Skiskyting øker i Sverige

SKISKYTING. Interessen for skiskyting øker igjen i Sverige, og nå er sporten på sjetteplass blant alle idretter i Sverige målt i interesse blant folk. Undersøkelsen som ble gjort i uke 14 og 15, viser også at friidretten har gått forbi fotball som Sveriges mest populære idrett.

NTB



Enno er det liv i draumen om ei cupbombe. Men mest truleg vil Espen Garli (til venstre) og Robert Sogge (midten) få sesongens heitaste kveld mot AaFK søndag. Om 15-åringen og stortalentet Erik Kampenes (t. h.) får speletid av trener Erling Ytterland (lengst t. h.) står att å sjå. FOTO: ATLE HOLE

Cupfeber i Sykkylven

Mange trur publikumsrekorden vil ryke på Dalemyra søndag kveld når FK Sykkylven er vertar for AaFK i 1.runde av NM-cupen.

FOTBALL. Dei færreste trur at alle gode ting er tre, sjølv om dette er tredje gong NFF har sendt AaFK til Dalemyra i 1. runde siste ti åra.

I 1998 vann bylaget, med Bård Wiggen som trenar, 5-0 over VRF. Målskorarar var purunge John Arne Riise (2), Bjørn Tore Hansen (2) og Amund Skiri. Fire år seinare, året før sykkylvsfotballen slo seg saman, vart det ein like komfortabel cupsiger med Ivar Morten Normark som trenar.

Denne gongen vert det ekstra status over kampen ettersom AaFK spelar i tippeligaen,

mellom anna med TV-dekning. Ikkje sidan 1981 har lag frå øvste nivå gjeft Dalemyra. Den gongen var det Molde som slo VRF, med Per Rich Hunstad som trenar, ut av cupen (0-2).

Folkfest. – Vi får satse på at alle gode ting er tre. Alle ser fram til denne kampen som ein rein bonus. Vi har ingenting å tape, seier forsvarsstrateg Robert Sogge, som både har ein halv sesong i AaFK, og som har tapt mot laget i cupen som VRF-spelar.

Trenar Ytterland var lett i steget og det humoristiske hjørnet då vi prata med han etter seriekampen mot Hødd 2. – Vi må vere klar over at vi møter eit av dei beste laga i landet. Når dei vinn 4-0 over eit lag som slo Rosenborg 2-1 er motstandaren så god

at vi finn det rett å køyre ei «lukka» sistetrening før kampen. Likevel fryktar eg AaFK mindre enn eg fryktar 30 års-feiringa til to av spelarane våre, spøkte ein sprudlande FKS-trenar før han vart litt meir alvorleg.

– Det blir ein folkfest, uansett resultat. Eg veit det meste om motstandaren, og at vi må heve oss minst ti hakk for å kome på talefot med dei.

Idolmøte. Sikkert er det at heimelaget må klare seg utan kaptein Per Espen Lade som fekk

«Adin Brown er førebiletet mitt som keeper»

ESPEN GARLI

raudt kort i cupkampen mot Valder. Likeeins at 17-åringen Espen Garli med to 3. divisjonskampar frå start vert målmann i Kai Lennart Alnes sitt skadefraver. For unge Espen vert kampen spesiell.

– Eg gler meg. Håper det kjem masse folk. Faktisk er Adin Brown førebiletet mitt, så for meg vert det stort å få møte han i kamp. Eg veit eg må vere konsentrert og reknar med å få ein travel kveld. Draumen er ekstraomgangar og straffespark, røper den unge målmannen.

Publikumsrekorden på Dalemyra skriv seg frå 1973. Det året såg 1000 tilskodarar lokalderbyet mellom VRF og Sykkylven (0-0) i 3. divisjon, som den gongen var ein rein fylkesserie. Det kan ikkje reknast som ei bombe om denne rekorden vert sletta søndagkveld.

Bombe kan det derimot med rette kallast dersom 3. div.-laget, med 5-5 i målskilnad etter fem serierunder, sender Strømsgodset-dødaren ut av cupen i 1. runde.

ATLE HOLE
sport@smp.no

Inviterer til vikingraid

Arrangørane av fire store maraton- og motbakkeløp på Sunnmøre kan friste med vikingstatus til dei som fullfører tre av løpa.

LØP. – Vi har som mål for samarbeidet å gjere kvarandre betre og auke deltakinga, seier talskvinne Elise Rusten, som er med å arrangere Nordvestmaraton frå Runde til Hareid.

Dei fire løpa som skal telje med er Frå fjord til fjell i Geiranger 16. juni, fjelløpet Varden Opp på Sula 23. juni, Saudehornet rett opp i Ørsta 4. august, og til slutt Nordvestmaraton 1. september.

– Den som fullfører tre av fire løp vil få tittelen viking, eller ekte

viking, avhengig av om ein avsluttar med halv eller heil maraton i Nordvestmaraton, fortel Elise Rusten. – Du må vere registrert som deltakar enten i konkurranse eller mosjon og fullføre løpet springande eller gåande. Dei som oppnår tittelen viking, eller ekte viking, vil få ein premie eller utmerking som viser dette, fortel Rusten.

Det var 14. mai representantar for dei fire arrangørane møttest og vart samde om opplegget.

Løpa. Først ut er altså halvmaratonløpet Frå fjord til fjell i Geiranger. Det er 21 kilometer med start ved fjorden og mål på Dalsnibba. Arrangør er Geiranger IL i samarbeid med Eidsdal IL.

Varden Opp på Sula vert arran-



Hans Martin Gjedrem på toppen av Saudehornet, 1303 meter over havet. I år kan han og mange fleire bli ekte vikingar. ARKIVFOTO

gert for fjerde gong. Løpslengda er 7550 meter med ei samlet stigning på 776 meter. I fjor var 70 løparar med i konkurranseklassene. Saudehornet rett opp er Nordens brattaste fjelløp, første gong arrangert i 2003. Ørsta reiselivslag er sterkt inne som arrangør saman med Ørsta IL.

Så er det altså finale med Nordvest Maraton, som friidrettsgruppa i Hareid IL er ansvarleg for - i år for 17. gong. Eit spesielt maratonløp over øyer og bruer, med tøff stigning til eidet mellom Ulstein og Hareid for det går nedoverbakke nokre kilometer og flatt inn mot mål på Hareid stadion.

GUNNAR LORGEN
gunnar.lorgen@smp.no